



LESJA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL - KONTROLLVALGET

Møtedato:	Tid:	Møtestad:
Onsdag 5.7.23	Kl. 09.30-13.30	Lesja helsehus, møterom Tussheim

Til stades:

Medlemmer:	Anders Norderhus (leiar), Oddvar Romundset (nestleiar), Anne Cathrine Enstad, Kari Kjøde Enger.
Varamedlemmer:	
Andre:	Elin Marit Andgard, sekretær i SKNG Björg Hagen, Innlandet Revisjon IKS Mariann Skotte, ordfører Ellen Sørungård Syse, varaordfører

Saker som vart handsama:

16/23 Protokoll og orienteringar
17/23 Evt. forvaltningsrevisjon

Andre opplysningar:

Møteinncalling: 28. juni 2023
Møteleiar: Anders Norderhus.
Referent: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG.

Underskrifter:

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 16-17/2023 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

Oddvar Romundset *Anders Norderhus*
Anne Cathrine Enstad *Kari Enger*

Utskrift:

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til: Kommunen, kontrollutval-medlemmer, Innlandet Revisjon IKS, dagspresse, SKNG si heimeside.

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandlar:
5.7.2023	127/2023	16-17/2023	Elin Marit Andgard, SKNG

Takk for omvisningen på Lesja helsehus v/Hilde Lislien i forkant av møtet!

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling: Godkjent.

Sakliste: Godkjent.

Habilitet og møterett

Leiar i kontrollutvalget informerte om sekretæren sine slektshøve til brannsjef (bror) og tidlegare oppvektssjef (svigerinne). Utvalget meiner at sekretær er habil i alle generelle saker. Sekretær har møterett også når utvalget handsamar tausheitsbelagt informasjon.

Revisor har rett på informasjon, også tausheitsbelagt informasjon, og har møterett når møtet blir lukka ved handsaming av tausheitsbelagt informasjon.

SAK 16/23 PROTOKOLL OG ORIENTERINGAR

Saksopplysningar:

- Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøtet 28.6.23
- Omvisning/orientering om Lesja helsehus
- Orientering ved ordførar

Forslag til vedtak:

Protokoll frå kontrollutvalgsmøtet 28.6.23 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.

Handsaming:

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 11-5 og offentleglova § 13 jfr. Forvaltningslova § 13 1.ledd. Sekretariatet og revisjonen er gjeve rett til å være til stades.

Ordføraren orienterte om prosess i sak 23/101 og tiltak som er sett i gang.

Vedtaket var einstemmig.

Vedtak:

Protokoll frå kontrollutvalgsmøtet 28.6.23 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.

SAK 17/23 EVT. FORVALTNINGSREVISJON**Saksopplysningar:**

Det blir vist til saksopplysningar og drøfting i sak 14/23 og 15/23.

Björg Hagen frå Innlandet revisjon IKS deltek for å orientere om aktuelle tema/problemstillingar for eventuell forvaltningsrevisjon knytta til dette.

Innstilling:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

Handsaming:

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 11-5 og offentleglova § 13 jfr. Forvaltningslova § 13 1.ledd.

Kontrollutvalget drøfta mottatt notat (referanse 23/101) ut frå utvalgets mandat og rolle.

Vedtaket var einstemmig.

Vedtak:

Kontrollutvalget viser til henvendelsene som har referanse til sak 23/101 og vil ta med opplysningene fra henvendelsene vidare som innspill i utvalgets arbeid med risiko- og vesentlighetsanalyse (ROV) som bl.a. er grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon i kommende 4-årsperiode.